

# ÅRSMELDING FOR FRIIDRETTSGRUPPA LÆRDAL IL 2023

## STYRET:

Leiar: Bjørghild Holien  
Kasserar: Anders Inge Hundere  
Styremedlem: Rune Dvergsdal

## AKTIVITETAR:

LÆRDALSLØPET: Søndag 23/4 vart Lærdalsløpet arrangert for 38 gong i regi av Olav Teigen, Laila Elvagjeng og Anders Inge. 18 sprang på tid og 100 gjekk i mosjon. Knapt 120 deltok totalt.

## VANGANE OPP

Vangane Opp vart arrangert for 12 gong i lag med Barnas Turlag laurdag 6 mai. Friidrettsgruppa hadde ansvar for dei som sprang på tid, medan ungar og foresette i Barnas Turlag gjekk i eige tempo på Øvre Vangen. I år var det deltakarrekord med heile 37 ungar som sprang på tid. Dei tre raskaste ungane var Victor Larsen, Olve Kvam Golf og Kristoffer Mo. Totalt var det ca 100 personar på Øvre Vangen denne fine laurdagen.



## STOREHAUGEN OPP.

Storehaugen Opp vart arrangert for 13.gong Kristi Himmelfartsdag 18.mai. Trenden med at alle skal arrangere motbakkeløp er no fallande, men mange sette pris på at me fortsatt arrangerte. 50 sprang på tid og totalvinnaren vart Lustringen Geir Steig på tida 33:18 minutt. Han vann og i 2017. Dameklassa vart vunnen av Charlotte Watson, Varegg Fleridrett på 45:49 minutt . Eldste klasse på tid 80+ hadde to deltakarar og neste år må me oppgradere ei klasse til 85-89år .Ingen kan sei ein er for gammal til å delta! Barnas Turlag hadde eige arrangement denne dagen med Storehaugen Opp for dei minste med tur til Harasiglet. Dei stod å heia med flagg til løparane som sprang forbi.

Totalt var det 230 deltakarar med på arrangementet.





## GALDANE RUNDT:

Laurdag 16. september vart Galdane Rundt arrangert for 11 gong. Knappt 100 gjekk i mosjon utan tidtaking og vel 50 var påmeldt i konkurranseklassa. Totalvinnar var Anders Veum frå Varegg/Ey BIL på tida 35:39 minutt, dameklassa vart vunnen av Benedikte Aa på tida 42:35 minutt. Det var svært gledeleg at mange lærdøler sprang på tid og deltok på løpet. Bergen City mila, Oslo Maraton samt fjellløp i Hemsedal vart arrangert same dag som Galdane Rundt. Me er difor svært fornøgde med oppmøte og gjennomføringa av årets løp. Været var bra, men det hadde regna ein del før løpet so traseen var mykje sleipare enn vanleg, men ingen klaga på det.





## IDRETTSMERKE:

Utover hausten har me hatt kveldar for å ta idrettsmerke ved løpebana ved skulen. 30 stk greidde merket i år og 20 av desse jobbar eller har jobba på sjukehuset. Det var deltakarar frå New Zealand, Polen, Island , Spania samt lokale. ( Norske statsborgarar no) Legane var so mektig stolte over å ha greidd idrettsmerket at dei hadde det på legefrakken i lang tid etterpå. 14 tok merket for fyrste gong. Evigunge Kåre Øyri tok merket for 55 gong.





### DELTAKING PÅ LØP:

Mange frå Lærdal IL og Team Tråve deltek på våre egne arrangement og utanbygds løp, det gjeld fjelløp, motbakkeløp, terrengløp og landevegsløp.

Neste år er det planlagt at ein delegasjon som skal delta på Oslo Maraton. Ørjan Skilbrei er primus motor for opplegget.

### FRIIDRETTSSTEVNE FOR BARN:

Ein del ungar frå Lærdal har delteke på friidrettsstevne i nabobygdene. Dei deltok på stevne i Årdal/Jotun i mai, Leikanger/Syrlil og Byrkjelo i august. Dei er vorte vel imottekne og har prestert bra.. Takk til foresette som tek med ungene på stevne.

### NESTE ÅRS LØP:

Storehaugen Opp blir arrangert på Kristi Himmelfartsdag 9 mai og Galdane Rundt 14 september. Vangane Opp og Lærdalsløpet blir tradisjonen tru, arrangert på våren, men det er ikkje fastsett dato enno. Idrettsmerketaking blir på hausten.

Takk for god innsats og samarbeid i 2023!

Lærdal, 20/2-24

*Bjørghild Holien*

